



Karoline Neset (til venstre) i russerevyen 2010. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Berre ein uskedeling, Karoline Neset (19) er med i russerevyen på Husnes dette året. Til gjengjeld har ho mellom andre ei svært sentral rolle - som ordfører Synnøve Solbakken i ein fengjande politikar-sketsj.

Og ikkje nok med det - ho har på sett og vis overteke rolla etter mor si, Åse Myklebust Neset.



Åse Myklebust Neset i Omvikdalen-revyen 2008. (Foto: Ola Matti Mathisen)

For to år sidan parodierte mor Åse ordføraren i revyen i Omvikdalen og hadde stor suksess. Dottera er ikkje dårlegare.

Ellers har russen gjort ein imponerande innsats på svært stutt tid - med god hjelp av Karianne Solheim og Nils Trygve Markhus. God musikk og dans, fengjande sangnummer og stutte, poengterte sketsjar pregar revyen som ikkje minst tok tilhøva ved skulen og fleire av dei som jobbar der på kornet - utan å vera ondskapsfulle.

Det vart fem spenstige kvarter utan spesielle daudperiodar. Eit videoinnslag frå skulen var også hikstande morosamt sjølv for ein som ikkje kjende intervjuobjekta.

Salen var nesten full under premiereframsyninga i kveld og bør bli det også på laurdag.

Av Ola Matti Mathisen



Karoline Neset som ein kjend Rosendal-spelar. (Foto: Ola Matti Mathisen)